


Årsmelding for biblioteka i Lom 2009



Årsmelding Lom folkebibliotek 2009

Stillingsressursar:

Bibliotekleiar: Rita Mundal	95% (5% reduksjon frå 01.01.2009, 10% omsorgspermisjon)
Barne- og ungdomsbibliotekar: Merete Byrøygard	75% (5% reduksjon frå 01.01.2009)
Aud Kvamme:	40% (25% for vidaregåande skule, 15% folkebiblioteket.)

Bibliotekleiaren har gått i 85 % stilling i 2009 grunna 10 % omsorgspermisjon og 5% mellombels permisjon etter at Garmo folkeboksamling vart nedlagt frå 01.01.2009. Merete Byrøygard har også gått i 5% mellombels permisjon av same årsak i 2009. Aud Kvamme har 40% fast stilling og har i tillegg gått i 10% av stillinga til biblioteksjefen medan ho har hatt omsorgspermisjon.

Administrativ organisering:

Biblioteket vart plassert i tenesteeininga Støttefunksjon frå 01.08.2009 med Egil Haug som leiar.

Tenestemrådet sine hovudoppgåver

Biblioteklova pålegg oss desse oppgåvene:

”§ 1. Målsetting:

Folkebibliotekene skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksombet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet og tilbudene skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.” Lov om folkebibliotek, 1985.

Med utgangspunkt i lova og forskriftene, Regional bibliotekplan 2008 – 2012 for Nord-Gudbrandsdalen, generelle utviklingstrekk i samfunnet og lokale tilhøve, har vi valt fylgjande satsingsområde for vårt bibliotek:

- 1) Tilby alle brukarar av biblioteket fri tilgang til ulike typer medium. Samlingsutviklinga skal vera basert på kvalitet, mangfald og aktualitet.
- 2) Formidling av litteratur med mål å auke leselyst. For barn og unge foregår dette gjennom leseprosjekt, bokpresentasjonar og faste avtaler om klassebesøk – alt i samarbeid med skulane. For vaksne har vi bl.a. oppretta blogg der vi presenterer bøker og på den nye heimesida vert det presentert 3 nye bøker kvar veke.
- 3) Biblioteket som læringsarena; studiesenter med fri tilgang for studentar og skuleelevar, deltaking i prosjekt som t.d. Lær data i biblioteket.
- 4) Fremje lokal kultur og informasjon bl.a. gjennom opprettinga av Nasjonalparkbiblioteket og Turistbiblioteket i 2009.
- 5) Biblioteket som møteplass t.d. gjennom ulike arrangement og tilstelningar.

Kommentarar til utviklingstrekk

Utlån og besøk

- **Dei førebelse utlånstala syner ein nedgang på om lag 1000 utlån samanlikna med 2008. Dette er vi godt nøgde med sidan filialen i Garmo vart nedlagt frå 01.01.2009. Garmo hadde eit utlån på om lag 2.500 i 2008 så det betyr at utlånet på hovudbiblioteket i realiteten har auka i 2009. I 2008 låg Lom på eit snitt på 10,27 utlån og 7,1 besøk pr. innbyggjar. Med desse resultatane låg vi klart på utlåns- og besøkstoppen i Oppland, noko vi er svært tilfredse med. Snittet i fylket låg på 5,18 utlån og 4,7 besøk pr. innbyggjar i 2008. Den offisielle statistikken for 2009 er ikkje klar enda, men dei foreløpige tala syner om lag 24.000 utlån. Kommentaraner under er basert på dei førebelse tala.**
- Utlån av **bøker** barn og vaksne: 17.623 i 2009 mot 18.059 i 2008.
- Utlån av **bøker til barn** i heile kommunen: 1640 mot 1852 i 2008 (her syner tala godt at Garmo folkeboksamling vart nedlagt).
- Utlån av **andre medium**: 5.771 mot 6.643 i 2008.
- **Fjernlån**: Vi lånte inn 619 fjernlån frå andre bibliotek i 2009. Dette syner stor aktivitet blant studentar og andre som ynskjer eit breiare tilbod av bøker og andre medium enn det lokale biblioteket kan tilby. Sjølv om arbeidet med fjernlån er tidkrevjande, er det ei viktig og prioritert oppgåve for oss å skaffe lånarane det dei etterspør. I 2009 overtok Norsk bibliotektransport frakt av lån biblioteka i mellom både innad i eige fylke og ut av fylket. Dette letta jobben vår sidan vi slepp å pakke bøkene. Ordninga er også billegare enn om vi brukar Posten. **Vi ser på fjernlånsaktiviteten som ei viktig distriktspolitisk oppgåve – du skal få tilgang til den litteraturen du måtte ynskje sjølv om du bur langt unna universitets- og høgskulemiljø.**
- Tala syner ei auke i besøk frå 17.000 i 2008 til nærare 20.000 i 2009.
- Biblioteket held ope heile sommaren, ei tid prega av turistar som vil bruke PC og internett. Bortsett frå nokre av overnattingsstadene, er biblioteket den einaste institusjonen i kommunen som har internettilgang. Vi reknar med at i overkant av 600 turistar nytta seg av tilbodet i sommarmånadene. Stadig fleire har med eigne bærbar PCar og nyttar seg av den trådlause oppkoplinga på biblioteket.

Samarbeid med skulane, barnehagane og helsestasjonen

Skulane i Lom er generelt ivrige brukarar av biblioteket, med Loar skule som superbrukarar. Vi tykkjer det er bra at skulane brukar folkebiblioteket mykje, det er ein viktig del av lesestimuleringa som skjer overfor skuleelevar. Barnebibliotekaren hadde 23 bokpresentasjonar for ulike klassar i grunnskulen i fjor.

Regional bibliotekplan

Regional bibliotekplan for Nord-Gudbrandsdal 2008 – 2012 vart ferdigstilt og vedteke i kommunestyret hausten 2007. Planen er eit bibliotekpolitisk strategidokument med ein konkret, målretta handlingsplan som vi utarbeider kvart år. Planen vert brukt som det viktigaste styringsverktøyet for bibliotekutviklinga i regionen. Planen skal synleggjera ein biblioteksektor i utvikling og omstilling som tek nye utfordringar på alvor.

lokalsamlinga var plassert tidlegare, vart teke i bruk til datarom. Studentar kan framleis nytte seg av dette rommet urtanom opningstidene våre. Vi samarbeider med den vidaregåande skulen om videokonferanseutstyr. Ei regional biblioteksatsing er Nasjonalparkbiblioteket. Denne satsinga samsvarar med satsinga på regionen som Nasjonalparkkrikk. I 2009 vart Nasjonalparkbiblioteket

utvida med Turistbiblioteket. Vi fekk 45.000 i støtte frå Oppland fylkesbibliotek til å koma i gang med prosjektet og i 5 av 6 kommunar vart det inngått avtaler med 3 turistbedrifter. Biblioteka kjøpte inn og plasserte ut bokdepot med bøker om nasjonalparkane i området og/eller om kommunen. Ordninga vart godt motteke av turistbedriftene og vi vil utvide og vidareføre prosjektet også i 2010.

Ny heimeside og 3 vise kvinner


I oktober vart den nye kommunale heimesida operativ. Biblioteket fekk på plass ei løysing vi er svært tilfredse med. Vi har fått katalogdata og søk i bibliotekatalogen inn i den nye heimesida. Vi presenterer 3 nye bøker på sida kvar veke og har fått i stand mange nyttige lister i menyane. Vi har inntrykk av at lånarane likar den nye sida og nyttar ho ofte.

3 vise kvinners blogg starta så smått opp i 2008, men i løpet av fjoråret fekk vi mykje blest rundt bloggen vår. Vi bloggar fast eit par gonger kvar veke. Vi og lånarane presenterer bøker og vi fortel om små og store hendingar frå bibliotekkvardagen.

Arrangement

Biblioteket gjennomførte fylgjande arrangement i 2009:

April: ”Verdas bokdag” .



Juni – september: Boksommar i samarbeid med biblioteka i Norddalen.

September.: Seniorsurf i samarbeid med Lom friviljugsentral.



Oktober: ”Teddybjørndagen”



November:

Lom folkebibliotek med hjelp av dei andre biblioteka i Norddalen arrangerte presentasjon ”Årets barne- og ungdomsbøker” på Otta. Om lag 60 lærerar, førskulelærarar og bibliotekarar deltok.

Desember: Biblioteket arrangerte Julekampanjedag i samarbeid med Lom arbeidssenter.

Utfordringar framover

Den største og viktigaste utfordringa for biblioteket, er at vi skal halde oppe eit høgt og tilfredsstillande nivå på tenester og service overfor brukarane. Vi har godt over dobla talet på utlån og besøk sidan 2000 da vi totalt hadde 11.270 utlån og 8.195 besøk mot vel 24.000 utlån og 20.000 besøk i 2009. Dette er svært gledeleg for oss, og det har ein klar samanhang med nytt bibliotek i 2001, men også at kommunen er viljug til å satse på biblioteket. Dette gjer at vi kan halde eit bra nivå på tenestene våre og ha eit aktuelt og mangfaldig utval av bøker og andre medium. Vi hadde planar om å halde ope onsdagar på hovudbiblioteket når Garmo folkeboksamling vart nedlagt, men på grunn av reduksjon i personalressursane og mykje arbeid med nedlegginga i Garmo, har vi ikkje sett oss i stand til dette. Som det går fram av tala for utlån og besøk, er dette noko innbyggjarane i kommunen og tilreisande ser verdien av. Vi håpar at biblioteket også i framtida vil få naudsynnte ressursar til å halde oppe og forbetre nivået på dei tenestene vi yter i dag og til å utvikle oss vidare. Når dette er sagt, må vi understreke at det ikkje alltid går an å måle kvaliteten på tenestene i tal. Målet er at biblioteket skal fortsetja å vere ein koseleg og mykje brukt møteplass og lærings- og kulturarena for innbyggjarane i kommunen og dei tilreisande.

Samandrag

I 2008 hadde Lom folkebibliotek eit utlån på 10,27 lån pr. innbyggjar og eit besøk på 7,1 pr. innbyggjar. Med desse resultatane låg vi klart på utlåns- og besøkstoppen i Oppland der gjennomsnittslånet låg på 5,18 lån og 4,7 besøk pr. innbyggjar. Vi er svært godt nøgde med desse resultatane som syner at lomværarar og tilreisande er flinke til å nytte seg av bibliotektilbodet i kommunen. Tala for 2009 syner ein nedgang på kring 1000 utlån samanlikna med 2008. Dette skuldast nok fyrst og fremst nedlegginga av Garmo folkeboksamling frå 01.01.2009 der vi hadde eit utlån på kring 2.500 året før. Sett i den samanhangen har utlånet på hovudbiblioteket auka noko samanlikna med 2008.

Den Regionale bibliotekplanen for Nord-Gudbrandsdalen 2008 – 2012 er rettesnor for bibliotekutviklinga i Lom og i regionen elles. **Vi ynskjer å prioritere satsingsområda formidling, biblioteket som læringsarena og biblioteket som møteplass.** Formidling av bøker og andre medium trur vi blir ei stadig viktigare oppgåve for biblioteka i ei tid da alt snart ligg tilgjengeleg på nettet. Formidlingsoppgåva er det i fyrste rekkje biblioteka som tek seg av. I den samanhangen ynskjer vi å vidareutvikle samarbeidet med skular og barnehagar der felles målsetjing er å auke leselest og leseugleik blant barn og unge i Lom.

Å vera synlege på nettet, i dei nye sosiale media, inngår også i satsinga vår på formidling og profilering av biblioteket. Biblioteka må vera synlege der folk er, for å informere om tilboda våre. Vi er svært nøgde med den nye skreddarsydde heimesida. Vi kjem til å fortsetje blogginga vår og satsar på å oppdatere han jamnleg. Vi har også registrert biblioteket med eiga gruppe på facebook.

Vi ynskjer å fokusere på og profilere biblioteket som ein læringsarena frå vugge til grav. Vi tilbyr dataopplæring for nybyrjarar og har PCar som brukarane kan nytte seg av. Vi tilbyr leseplassar for studentar og skuleelevar og i samarbeid med den vidaregåande skulen kan vi tilby videokonferanseutstyr. Vi låner inn faglitteratur til studentar.

Biblioteket ynskjer å framstå som ein møteplass og kulturarena der vi i tillegg til litteratur, kan tilby barneteater, utstillingar og forfattarbesøk. Alle biblioteka i regionen har samla og ordna ei eiga avdeling for nasjonalparklitteratur. Nasjonalparkbiblioteket vart opna sommaren 2007 og samsvarar med regionen si satsing som Nasjonalparkrike. Ei forlenging av Nasjonalparkbiblioteket er Turistbiblioteket som kom i gang i 2009. I tillegg ynskjer vi sjølvstøtt å vidareutvikle basisoppgåvene i biblioteket, å kunne tilby eit breidt utval av bøker og andre medium og kunne yte god rettleiing overfor brukarane i val av litteratur.